

Kulturdepartementet

Bergen, 13.10.2017

## Prosjektskildring

Ombygging av Kalvedalen Turisthytte

### Kalvedalshytta

Kalvedalshytta ligg 400 moh. ved Storavatnet i det verna Eikefetvassdraget, mellom Romarheimsdalen og Masfjorden. Hytta blei bygd i 2001 og har sengeplass til 20 personar.

Hytta ligg i eit område som har lang sommarsesong med snøfri sti frå tidleg vår og langt utover hausten. Området har fine tilhøve for fiske og friluftsliv. Mellom grønne dalar og fiskevatn reiser gråfjell seg på over 800 moh. Like ved hytta ligg eit stølsmiljø der den eldste bygninga er datert tilbake til slutten av 1700-talet.

Kalvedalshytta ligg lengst vest i hyttenettet i Stølsheimen. Frå Kalvedalen kan ein gå til Dyrkolbotn Fjellstove og vidare inn i Stølsheimen via Skavlabu, Vardadalsbu osv.

Det er enkelt å nå hytta frå Stussdalen som er ei rute godt egna for barnefamiljar. Om ein vil ha ein lenger og meir utfordrande tur kan gå frå Nord-Kvingo i Masfjorden eller Andvik inst i Masfjorden.



## Prosjekt – ombygging

Det har lenge vore eit ynskje frå hyttetilsynet å gjere tiltak på Kalvedalen Turisthytte. Det er ei trong og mørk hytte. BHT vil sette inn større vindauge og endre romløyisinga slik at hytta blir betre tilrettelagt for grupper og blir trivelegare å bruke.

Kjøkken, soveavdeling og sitjegruppe skal roterast for at hytta skal bli meir brukarvennleg. Det skal lagast to soverom i staden for eitt som eksisterer no.


Det skal også setjast opp solcellepanel og alarmsentral for å sikre tryggleiken på hytta.

Endringane skal gjerast samstundes med oppsetjing av sikringshytte på tunet i løpet av sesongen 2018.

## Budsjett

Prosjektet har budsjettramme på 627 000 kroner. Vi søker 1/3 av midlane frå Kulturdepartementet. Det skal også søkjast midlar frå Olav Thon stiftelsen. BHT stiller med eigenkapital på 300 500 kroner. Sjå vedlagt budsjett for detaljar.

Beste helsing,



Johnny Bjørge  
Hytte- og rutesjef